



Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: postmottak@meland.kommune.no - www.meland.kommune.no

Foto: Roald Bertelsen

KUNNGJERINGAR

ER DU NY I KOMMUNEN VÅR?

Meland kommune v/ordfører og administrasjon inviterer alle nytilflyttarar til eit informasjonsmøte på formannskapsalen på rådhuset, torsdag 19.02.15, kl. 19.00. Det vil då bli gitt informasjon om kommunen sitt tenestetilbod, kva du finn på nettsidene våre, kultur- og idrettsaktivitetar, kva planar kommunen har for framtidig utvikling m.m. Vi ønskjer alle nytilflyttarar vel møtt!

Tenesteområde kultur inviterer til:

16.2 kl.19.00: **Frivilligforum.** Eit dialogmøte med frivillige lag, organisasjonar og vellag i Meland. Møtestad: Meland bibliotek, Frekhaug Torg

17.2 kl.19.00: «**Dei ureine**». Ei forteljing om dei spedalske på strilelandet 1825-1900 Framsyninga er på Meland bibliotek, Frekhaug Torg. "Dei ureine" er ei framsyning om dei spedalske på Strilelandet 1825-1900 og er produsert av Reidun Horvei, fylkesmusikar i Hordaland fylkeskommune.



Offentleg ettersyn:

Områdeadressenamn i Holmemarka B9 og Ospholmen ligg ute til offentlig ettersyn fram til 4. mars 2015 på dei kommunale nettsider, i resepsjonen på Meland rådhus og Meland bibliotek.

Hugs at søknadsfrist for kulturmidlar 2015 er 1. mars

Meland bibliotek

Utstillinga «Kom skal du høre...» vert vist på biblioteket fram til 18. februar. Utstillinga er frå Lepramuseet.

Bok- og strikkekafe tysdag 24. februar, 10. mars og 24. mars kl.12.00 – 14.00. Ta med eit handarbeid, biblioteket presenterer bøker og serverer te og kaffe.

Eventyrstund 3. mars kl.10.30

Meland kulturskule

MUSIKK FRÅ FØRSTE STUND

Meland kulturskule startar onsdag 18. mars med nytt kurs for foreldre med barn i alderen 2 - 15 mnd. Undervisning vert onsdag føremiddag, i kultursalen i Meland Aktiv. Kurspris kr 950,-. Påmelding på elektronisk skjema på kulturskulen si side på www.meland.kommune.no, eksisterande elevar logger seg inn i speedadmin.dk og melder seg på nytt kurs direkte. Kurset går over 12 veker og foreldre med barn i aldersgruppa som bur i andre kommunar, kan og vere med dersom det er ledige plassar.

På kurset syng vi både kjente og mindre kjente songar. Vi har rikeleg med rim og regler, alle tilpassa barnet. Det blir lagt vekt på rørsle som til dømes dans, gynging, roing og leik. Kanskje kjem du på songar du høyrde når du sjølv var liten, kanskje lærer du nye songar og leikar du kan bruke saman med barnet ditt heime. Ein treng ingen musikalske forkunnskapar for å vere med. Dersom stor påmelding, startar vi to grupper delt etter alder.

For nærare opplysningar, ta kontakt med rektor Camilla Söderstrøm Tveit, tlf. 56 17 10 64 eller e-post: kulturskulen@meland.kommune.no


Ledige plassar i kulturskulen

Meland kulturskule har ledige plassar på **visuell kunst** (torsdag ettermiddag på Sagstad skule) og **piano** (måndag på Rossland skule)! Du finn søknadsskjema og oversikt over tilboda våre på www.meland.kommune.no – velkomen! På gruppetilbod som visuell kunst har me og plass til elevar frå andre kommunar.

Ein elevplass i kulturskulen kostar kr. 1.500,- per semester (kr. 3.000,- i året). 25% / 50% søskenrabatt. Påmelding på www.meland.kommune.no, ta kontakt med kulturskulen på 56 17 10 64 eller kulturskulen@meland.kommune.no for meir informasjon.

Den kulturelle spaserstokken

Konsert med Olav Stedje 12. mars kl.19.00 på Nordhordland Folkehøgskule, Storstova. Billett: kr. 200,-, pensjonistar kr. 100,- Billetter: tinging/sal på Kulturavdelinga 56171059/00 eller ved inngangen.



Plan, utbygging og kommunalteknikk

ENDRING I SATSAR KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2015

- Meland kommunestyre har i møte 17.12.2014 godkjend nye satsar for følgjande avgifter og gebyr
- Tilknyningsavgift for offentlig vatn og kloakk – uendra
 - Abonnements- og forbruksgebyr for vatn og kloakk – reduksjon
 - Årsgebyr for renovasjon - auke
 - Årsgebyr for slam – reduksjon
 - Årsgebyr for feiing/tilsyn – auke
 - Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Meland kommune – auke. Dette gjeld for tiltak etter:
 - Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1
 - Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16
 - Lov om eierseksjoner av 20. mars 1997 § 7
 - Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a og Forskrift av 1. juni 2004 nr 931 om begrensning av forurensning § 11-4
 - Lov om behandlingsmåter i forvaltningssaker § 27 a

og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v.

- Lov om havner og farvann av 17. april 2009 § 6

Nye satsar vert gjort gjeldande frå 01.01.2015 Nærare opplysningar om satsane kan ein få på Plan, utbygging og kommunalteknikk eller på Meland kommune sine heimesider: www.meland.kommune.no

LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkjarar. Nærare informasjon finn du på www.meland.kommune.no under ledige stillingar.

Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst?

Meland kommune treng:

Helse:

Helsesøster – 100% fast
Helsesøster – 45% fast
Jordmor – 35% fast

Grunnskulane i Meland:

Lærarstillingar – fast og vikariat
Barne- og ungdomsarbeidar/assistentar – fast og vikariat

Grasdals skule:

Sekretær – 30% fast

Kultur:

Lærar visuell kunst – 15,41% fast
Musikkterapeut / musikkpedagog – 10,28% vikariat
Dagleg leiar Frivilligsentral – 100% vikariat

Meland heimeteneste:

Vernepleiar – 100% fast, 2 stillingar
Helsefagarbeidar – 100% fast
Miljøarbeidar – 100% fast

Meland sjukeheim:

Kokk / institusjonskokk – 100% fast
Logoped – 50% fast
Sjukepleiar – 100% fast
Sjukepleiar – 17,84% fast
Helsefagarbeidar – 14,08% fast
Sjukepleiar – 60% vikariat
Helsefagarbeidar – 16,43% fast
Helsefagarbeidar – 100% fast
Sjukepleiar – 50% fast
Sjukepleiar – 100% vikariat
Sjukepleiar – 56% vikariat
Sjukepleiar – 20% fast
Sjukepleiar – ledige faste helgestillingar med høve til arbeid 2. kvar eller 3. kvar helg
Helsefagarbeidar - ledige faste helgestillingar med høve til arbeid 2. kvar eller 3. kvar helg

Pleie og omsorg:

Ferievikarar 2015

Søknadsfrist 01.03.15

OPNE MØTE februar/mars 2015

	Dato	Kl.	Møtestad	
Fellesrådet	Torsdag	12.02	14.00	Formannskapsalen
Utval for levekår	Tysdag	17.02	16.00	Kantina
Kommunestyre	Onsdag	18.02	17.00	Kantina
Utval for drift og utvikling	Tysdag	03.03	16.00	Formannskapsalen
Formannskapet	Onsdag	11.03	16.00	Formannskapsalen
Kommunestyret	Onsdag	25.03	17.00	Kantina

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommuneleova. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta. Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettsider www.meland.kommune.no